



Statens vegvesen Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep.
0033 OSLO

Dato: 03.02.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/54-3

Oversending av uttale til "Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler"

Hordaland fylkeskommune sender med dette vår uttale til «Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler».

Saka har vore til politisk handsaming i samferdselsutvalet 22. januar og i fylkesutvalet 30. januar og det er fatta følgjande vedtak i saka:

Vedtak i fylkesutvalet 30.01.2014

8/14 Uttale til "Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler"

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet er positiv til etablering av "helhetlige bymiljøavtaler" som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ein bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet støttar i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av verkemiddelbruken. Ein bymiljøavtale må vere basert på eit partnerskap der konsensus mellom avtalepartane om verkemiddelbruken vert lagt til grunn.
3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, takast i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.
4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er mogleg å fange opp i eit indikatorsystem.

5. Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet om at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standardar og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludere andre typar kvalitetsmålingar.
6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.

Thorbjørn Aarethun
Leiar

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.